

## Barndomsminne frå Årset og stølsdrifta på Haugset.

Av Oddrun Mølsæter, Geiranger

Haugset var felles sæter for Årset og dei to bruka på Mølsæter.

På Årset var det foreldra mine, Nikoline og Hans Vesteraas som var dei siste som dreiv garden. Dei fora fem – seks kyr, om lag 25 geiter og ein hest.

Garden var svært bratt og tungdriven, så foret måtte berast i høybører til næraste løypestreng. Utmarksslåtten vart lagt inn i høyløer. Sletthaugløa, som Storfjordens Venner restaurerte, vart mykje nytta til det. Dei andre løene er det berre murane som står att av. Hesten vart mest brukt om vinteren til mellom anna å lage vegartil å køyre ut gjødsla på sledeføre, og til vedkøyning.

Far var svært interessert i hest, og han kjøpte unghestar som han temde til arbeidshestar. Seinare selde han dei og det gav nokre ekstra kroner.

Landbruksmaskiner hadde vi ikkje. Det var langorv, småljå og rive som vart nytta i slåttonna. Det var som oftast tre generasjonar på garden. Alle tok del i slåtten, både unge og gamle.

Vi leigde setretaua kvar sommar. 14. april var flyttedag og då var jenta som regel koma. Det var oftast jenter frå bygdene rundt her. Av og til frå Sjøk eller Lom.

Buskapen flytta til sætra ved jonsoktider. Det var sjølv sagt etter kor tidleg vår det var. Jentene tok del i alt arbeidet på garden. Ut på ettermiddagen gjekk dei på sætra. Vegen var ikkje lang, men bratt og tung å gå.

Kyrne kom som oftast heim sjølve når det leid til kvelds. Det var små og lette kyr av vestlandsrasen. Dei tok seg fram over alt, og nytta ut beita. Kvelden skulle all mjølka separerast. Fløyten vart sett til syrning og seinare kinna til smør. Mjølka bar dei ned att. Dei brukte mykje mjølk i hushaldninga, særleg surmjølk. Det som vart til overs, gav dei til grisane. Vi hadde alltid to grisar om sommaren. Smågrisane kjøpte dei frå Vigma. Til jul vart dei slakta. Den eine tok dei att til heimebruk, og den andre vart seld.

Smøret leverte dei til Smørlaget som var i kjellaren på Bakketun. Det var Lars Grande og Laura Vinje som tok imot, vog og pakka for vidare sending til Ålesund. Det var smørlevering ein gong for veka, trur det var laurdag.

Eg minnes godt mange av jentene som tente hjå oss. Eg tur dei treivst veldig godt her. Det var jenter på alle gardane i Møllsbygda på den tida. Det var to på Grande og tre på Møllsæter. Når dei var ferdige med fjøsstellet, kom dei opp på sætra. Då var dei fri og kunne besøkje kvarandre. Inne i dei små sela var det lunt og koseleg med parafinlamper og markblomster på bordet.

Når det leid ut på hausten måtte kyrne ned att frå sætra. Då fekk sætretausa "sætreøskje". Det var ei lita gåve som takk for godt stell. Det kunne vere ein liten pynteting, eit fat eller ei skål, til minne om sommaren på Haugset.

14. oktober var flyttedag for jentene, men somme av dei var her over vinteren og. Då hadde dei mindre løn, men meir fritid og sikkert arbeid neste sommar.

Dei var veldig flinke med spinning og veving. Eg hugsar ei som var så flink til å strikke og brodere. Eg har enno eit par strikka og broderte vottar som ho laga til meg då eg berre var ei lita jente.

Hausten var og ei travel tid på garden. Poteter og grønsaker skulle i hus, sauene skulle heim frå fjellet, klyppast og slaktast. Alt av slaktet vart brukt. Innmaten til mør. Hovudet vart salta og tørka, så "saudehaud" hadde oss til langt ut på vinteren. Kjøtet vart også salta og tørka, så husveggane var dekt av lammesider og spekelår som hang til tørk. Kjøtet vart så sendt til Ålesund med fjordabåten. Saudeskinna vart salta. Hole-Tore, Tore Knivsflå, kjøpte skinna for vidare salg. Hud av storfe vart bearbeidd heime. Det var ein lang prosess. Då dei var ferdige, vart dei brukt til å sy sko av og ymse andre ting som trengdest. Til og med saundeføtene vart nytta til mat. Det vart det etter kvart slutt på, noko dei eldre meinte var eit "stort sløseri".

I 1945 var eg 11 år. Då tok eg over stellet på sætra. På Mølsæter var det døtrene Randi og Else som var sätretauser. Dei var eit par år eldre enn meg. Vi sætra saman i 7 år.

I 1949 var det ein stor merkedag på Årset, for då fekk vi bilveg til gards. Far sette opp flaggstang, og mor inviterte alle vegarbeidarane på rømmegraut. Flagget gjekk til topps og gleda var stor på Årset den dagen.

Etter at vegen kom, vart mjølka levert med mjølkebil i 30-liters spann til meieriet på Hellesylt. Kvar produsent hadde sitt eige nummer som stod på spannene. Dette sparte husmødrene for veldig mykje arbeid. No er det tankbilen som har teke over, men det er ei anna historie.

I 1952 omkom einaste bror min i ei bilulykke. Han var berre 29 år. Etter den tid vart det slutt med mjølkeproduksjonen. Far var då i 70-åra, og vann ikkje så mykje med garden lenger. Etter det hadde vi berre nokre sauer.

Etter at eg gifte meg med ein av naboane, brukte vi garden til vår og haustbeite. Vi slo litt av beste bøen også. Vi budde der heilt til vi flytte til Mølsæter hausten 1972. Mannen min døydde i 1994 og etter den tid vart det slutt på gardsdrifta på Mølsæter. Norunn, eldste dotter mi, har no overteke huset på Årset, og bur der saman med sambuaren. No blir heimen teken vare på. Det er eg svært takksam for.

Dette var litt om livet på ein liten fjellgard for 60 – 70 år sidan. Det var nok mykje slit og tunge tak. Mange av dei problema folk har i dag, var ukjente på den tid. Dørene stod ulåste og folk levde trygt i kvar sin heim. Guds frykt og nøysemd var litt av det som prega kvardagen deira.

Geiranger 29. januar 2009.

Oddrun Mølsæter